



ÅLESUND KOMMUNE

Innkjøpsstrategi

2020 -2024

Vedtatt av Ålesund kommunestyre 18.06.2020

Innhold

| | |
|---|----|
| Introduksjon og presentasjon av mål for strategiperioden | 3 |
| Sentrale tema i meldinga:..... | 3 |
| grunnlag for strategiarbeidet - strategiske føringar | 4 |
| <i>Nasjonale og lokale føringar</i> | 4 |
| Sentrale mål for perioden..... | 4 |
| Oversikt over kommunanes (nye Ålesund) kjøp av varer og tenester | 5 |
| Mål 1: Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi, blir forankra og blir etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen. | 7 |
| Strategiske føringar:..... | 7 |
| <i>Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:</i> | 7 |
| <i>Frå Intensjonsavtalen</i> | 7 |
| Dagens situasjon, ønskt situasjon og tiltak..... | 8 |
| <i>Dagens situasjon</i> | 8 |
| <i>Ønskt situasjon</i> | 8 |
| <i>Tiltak:</i> | 9 |
| Mål 2: Innkjøpsprosessane i kommunen skal vere gjennomsiklige, digitale og mogleg å etterprøve..... | 10 |
| Strategiske føringar | 10 |
| <i>Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:</i> | 10 |
| <i>Innkjøpsregelverket</i> | 11 |
| <i>Frå Intensjonsavtalen</i> | 11 |
| Dagens situasjon, ønskt situasjon og tiltak | 11 |
| <i>Dagens situasjon</i> | 11 |
| <i>Ønskt situasjon</i> | 12 |
| <i>Tiltak:</i> | 12 |
| Mål 3: Innkjøpa til kommunen skal dekke relevante behov og ha riktig kvalitet..... | 13 |
| Strategiske føringar:..... | 13 |
| <i>Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:</i> | 13 |
| <i>Frå Intensjonsavtalen</i> | 14 |
| Dagens situasjon, ønskt situasjon og tiltak..... | 15 |
| <i>Dagens situasjon</i> | 15 |
| <i>Ønskt situasjon</i> | 15 |
| <i>Tiltak</i> | 15 |

| | |
|---|----|
| Mål 4: Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling..... | 17 |
| Innleiing..... | 17 |
| Strategiske føringar..... | 18 |
| <i>Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:</i> | 18 |
| <i>Intensjonsavtalen</i> | 18 |
| Dagens situasjon, ønskt situasjon og tiltak..... | 19 |
| <i>Dagens situasjon</i> | 19 |
| <i>Ønskt situasjon</i> | 19 |
| <i>Tiltak</i> | 20 |
| Mål 5: Innkjøpa til kommunen skal ta vare på samfunnsansvar  | 21 |
| Strategiske føringar:..... | 21 |
| <i>FN-berekraftsmåla</i> | 21 |
| <i>Forskrift om offentlege innkjøp</i> | 22 |
| <i>Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:</i> | 22 |
| <i>Intensjonsavtalen</i> | 23 |
| <i>Lokale føringar</i> | 23 |
| Dagens situasjon, ønskt situasjon og tiltak..... | 23 |
| <i>Dagens situasjon</i> | 23 |
| <i>Ønskt situasjon</i> | 24 |
| <i>Tiltak - Samfunnsomsyn</i> | 25 |
| <i>Tiltak – Miljø og klima</i> | 26 |
| <i>Plast</i> | 27 |
| <i>Bygg og anlegg</i> | 27 |
| <i>Transport og køyretøy</i> | 27 |
| Vedlegg: «Ethiske og sosiale kontraktskrav for Ålesund kommune»..... | 29 |

Introduksjon og presentasjon av mål for strategiperioden

Stortinget har vedtatt samanslåing av kommunane Skodje, Ørskog, Sandøy, Haram og Ålesund frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Ålesund kommune og rammene for den nye organisasjonen er i ferd med å bli etablert samtidig som denne strategien blir skriven. Med grunnlag i den komande samanslåinga, har det vore naturleg å sjå til formulerte målsetjingar og retningslinjer for den nye kommunen.

Kjøp av varer og tenester og inngåing av bygge- og anleggskontraktar er ein nødvendig og viktig del av tenesteproduksjonen til kommunen. Samla kjøpte kommunane som no blir nye Ålesund kommune varer og tenester for 1,85 milliardar kroner i 2018 eks. mva. Av dette utgjer rundt 0,46 milliardar investeringar innan bygg og anlegg.

Nytt regelverk for offentlege innkjøp tredde i kraft 1. januar 2017 og inneber dei største endringane innan innkjøpsområdet på mange år. Mellom anna er krava til at offentlege innkjøparar tek vare på viktige samfunnsomsyn som klima, miljø, sosiale forhold og bruk av lærlingar skjerpt gjennom det nye regelverket. I tillegg til at dei tilgjengelege ressursane i kommunen ikkje blir utnytta på ein god måte, kan brot på innkjøpsregelverket og manglande fokus på «det gode innkjøpet» føre til bøter, erstatningskrav og tap av omdøme. Det er derfor svært viktig at strategi for innkjøp har ei tydeleg forankring, både hos toppleiarar, mellomleiarar og andre tilsette i heile den nye organisasjonen.

Strategien for førre periode, («gamle Ålesund kommune») hadde som føremål «å kartlegge dagens situasjon og forholde som påverkar denne» og samanfatta mellom anna med at «det er føremålstenleg at kommunen utnyttar sine stordriftsfordelar ved å ha ein mest mogleg heilskapleg innkjøpsfunksjon. Dette blir mellom anna nådd ved å vidareutvikle Konserninnskjøp som ein sentral innkjøpsfunksjon med fokus på kompetanse, ressursar og strategisk forankring.»

Sett frå dagens ståstad har strategien blitt følgd ved at den sentrale innkjøpsfunksjonen har blitt styrkt med fleire faste stillingar, frå 4 til 7 årsverk. I samsvar med bemanningsplan for nye Ålesund kommune vil Konserninnskjøp frå 1. januar 2020 ha 11 faste stillingar.

Den nye stortingsmeldinga, Meld. St. 22 – «Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp» gir uttrykk for at «midla som blir brukte på offentlege innkjøp er midla til fellesskapet som oppdragsgivarane skal utnytte på best mogleg måte. Det krev ein auka profesjonalisering av innkjøpa gjennom mellom anna auka satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering, og meir samordning. Hovudmålet med meldinga er å utvikle ein meir heilskapleg og effektiv innkjøpspolitikk for å setje det offentlege i stand til å oppnå det ambisiøse målet til regjeringa på feltet».

SENTRALE TEMA I MELDINGA:

- Betydinga av konkurranse
- Ei open forvaltning utan korrupsjon
- Innovasjon
- Ivaretaking av ulike samfunnsomsyn
- Kompetanse
- Organisering, styring og leiing
- Meir samordning av offentlege innkjøp
- Digitalisering som verkemiddel
- Betre data, statistikk og styringsinformasjon
- Handheving og kontroll

Den nye strategien skal bidra til auka medvit om kjøp av varer og tenester og inngåing av bygge- og anleggskontraktar i kommunen og skal erstatte tidlegare «Innkjøpsstrategi» og «Innkjøpspolitikk for Ålesund kommune». Tidlegare kommunale vedtak i kommunane som har lagt føringar for innkjøp, blir òg erstatta av denne strategien.

GRUNNLAG FOR STRATEGIARBEIDET - STRATEGISKE FØRINGAR

Nasjonale og lokale føringar

- Nye Ålesund – Intensjonsavtale og Overordna styringsdokument
- Nytt innkjøpsregelverk som tredde i kraft 1.1.2017
- Ny stortingsmelding om offentlege innkjøp av 10. april 2019 – «Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp»

SENTRALE MÅL FOR PERIODEN

Det er formulert 5 sentrale mål for perioden som blir presentert og drøfta i eigne avsnitt/kapittel. Måla tek føre seg ulike sider av innkjøpsarbeidet, og skal sikre god forankring og styring av innkjøpsfunksjonen, gi gode innkjøp og ta vare på kommunen sitt samfunnsansvar på ein god måte. 🌈 Innkjøpsstrategien er knytt opp mot berekraftsmåla og det er i sjølve teksten markert kva berekraftsmål som blir omtalte.

Mål 1: Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi blir forankra og blir etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen.

Mål 2: Innkjøpsprosessane i kommunen skal vere gjennomsiklige, digitale og skal kunne etterprøvast.

Mål 3: Innkjøpa til kommunen skal dekke relevante behov og ha riktig kvalitet.

Mål 4: Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling.

Mål 5: Innkjøpa til kommunen skal ta vare på samfunnsansvar.


Iverksetjing og oppfølging: Strategien skal takast i bruk i alle verksemdar, kommunale føretak og heileigde selskap i Ålesund kommune som er underlagt innkjøpsregelverket. Innkjøpsstrategien skal vere retningsgivande i perioden 2020-2024.

Jonny Indrevåg
Innkjøpssjef

Astrid Eidsvik
Kommunedirektør

Oversikt over kommunanes (nye Ålesund) kjøp av varer og tenester


Innkjøp av varer og tjenester 2018 (ekskl internfakturering)




Innkjøp av varer og tjenester 2018 per næringsgruppe (15 største)



Avtaledeknning på leverandører i privat sektor Ålesund kommune (selskap 1)



Del spend med avtale – Ålesund kommune



Mål 1: Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi, blir forankra og blir etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen.

Innkjøpsområdet er komplekst og har mange faglege nedslagsfelt, mellom anna juridiske, økonomiske og samfunnsfaglege. Det å gjere gode innkjøp og å ha ein god innkjøpsfunksjon totalt sett er av stor strategisk betydning for tenesteproduksjonen til kommunen. Medvit rundt å ha ein god innkjøpskultur er nødvendig for å sikre måloppnåing på ein effektiv måte. **17** Når den nye kommunen skal bygge ny felles kultur for innkjøp, er det særst viktig at her er klare retningslinjer som er godt forankra i heile organisasjonen. På denne måten kan kommunen samla opptre som ein solid aktør som tilsette, næringslivet og offentlegheita elles har tillit til.


STRATEGISKE FØRINGAR:

Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:

Den nye stortingsmeldinga framhevar betydninga av at innkjøp blir gitt tilstrekkeleg prioritet i leiinga:

For at offentlege innkjøp skal kunne bidra til at verksemdene når dei overordna måla sine, må verksemdene jobbe systematisk med heile innkjøpsporteføljen. Dette krev klare interne, overordna føringar og eit innkjøpsmiljø som er rusta til å gjennomføre oppgåvene. Når vi veit at det er eit stort potensial for å hente ut store effektiviseringsgevinstar av offentlege innkjøp, må det òg gjerast ein innsats for å hente ut desse gevinstane. Det krev at innkjøpa blir gitt tilstrekkeleg prioritet av leiinga i verksemdene. Det er derfor nødvendig å sjå nærare på korleis innkjøpsfunksjonen er styrt og organisert internt i den enkelte verksemda.

Regjeringa vil initiere sektorgjennomgangar av styringa, leiinga og organiseringa av statlege innkjøp med sikte på effektivisering og profesjonalisering av innkjøpa. Potensialet for betringar er minst like stort i kommunal som i statleg sektor, og det kan vere behov for liknande gjennomgangar i kommunesektoren.



Frå Intensjonsavtalen

I overordna styringsdokument «Slik bygger vi nye Ålesund kommune 2020» står det i visjonen med å etablere nye Ålesund blant fleire punkt

- *Drive meir heilskapleg og overordna planlegging*

- *Arbeide strategisk som medspelar for å styrkje og utvikle næringsliv og nyskaping i regionen*
- *Få større kapasitet til å vere innovativ og tenkje strategisk for nyskaping*

Skal den nye kommunen etterleve desse føringane, er det viktig at innkjøpsstrategien er forankra i alle ledd i den nye kommunen.

DAGENS SITUASJON, ØNSKT SITUASJON OG TILTAK

Dagens situasjon

Ålesund kommune har i dag ein sentralisert innkjøpsfunksjon gjennom Konserninnkjøp.

Rådmannen har overordna ansvar og myndigheit til å inngå kontrakt ved alle typar innkjøp i kommunen. For kommunale selskap og Havnevesen har dagleg leiar slikt ansvar og myndigheit. Rådmann og dagleg leiar kan fastsetje nærare retningslinjer for gjennomføring av innkjøpsarbeidet. Innkjøpssjefen har delegert styresmakt frå rådmann og dagleg leiar til å gjennomføre og inngå kontrakt i alle typar innkjøp som kommunen, kommunale selskap og Havnevesen gjennomfører.

Der Konserninnkjøp gjennomfører innkjøpet, blir avtalen automatisk oppført i eit avtaleregister. Dersom konkurransen blir gjennomført av verksemdene, til dømes ved hjelp av konsultentselskap, eller at verksemdene sjølv spør på kontraktar under terskelverdi, kan avtalane bli verande i dei ulike verksemdene. Dette er uheldig med tanke på at kommunen ikkje har god oversikt over inngåtte kontraktar og at der ikkje er oppfølging av leveransane utover det verksemda sjølv utfører.

Ålesund Kommune er pådrivar og leiar for Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Samarbeidet består av Ålesund kommune og 13 kommunar, Årim, Bingsa Gjenvinning AS, Sunnmøre regionråd, med fleire. Alle er geografisk plassert rundt Ålesund. Innbyggartalet i samarbeidskommunane er noko større enn i Ålesund kommune og bidrar til at innkjøpsvolumet blir attraktivt for fleire leverandørar å gi tilbod på. Samarbeidskommunane får tilbod om å delta på rammeavtalane våre, i tillegg til at dei får rådgjeving i innkjøpsfaglige spørsmål, hjelp til gjennomføring av eigne konkurransar og oppdatering av avtalekatalogar i Visma eHandel.

Ønskt situasjon

IDen sentraliserte innkjøpsfunksjonen gjennom Konserninnkjøp blir vidareført i den nye kommunen. Alle verksemdar, kommunale føretak og Ålesundsregionens Havnevesen skal gjennomføre innkjøpa sine i samsvar med denne strategien.

Konserninnkjøp skal ha det overordna, faglege ansvaret og mynde for gjennomføring av alle innkjøp i Ålesund kommune. Dette inneber at alle innkjøp over kr. 100 000,- eksklusiv meirverdiavgift (Lovkrav om konkurranse) skal bli organiserte eller blir gjennomførte av Konserninnkjøp.

Alle kontraktar bør samlast i eitt felles avtaleregister administrert av Konserninnkjøp.

Kommunalsjef/dagleg leiar for det aktuelle området det skal gjennomførast innkjøp for, har budsjettansvar. For å sikre god forankring og god fagleg involvering, skal kommunalsjefen godkjenne innkjøpet før konkurransen blir starta opp. Det er òg kommunalsjef som skal nemne opp aktuelle fagpersonar som skal bidra med den fagspesifikke delen i konkurransedokumentet og også nemne opp aktuelle personar som skal vere ansvarleg for den fagspesifikke evalueringa av konkurransen. Tilsvarande vil gjelde for stabssjefar og daglege leiarar i foretak og Havnevesen.

Mål 2: Innkjøpsprosessane i kommunen skal vere gjennomsiktige, digitale og mogleg å etterprøve.

Offentlege innkjøp utgjer om lag ein tredel av det totale budsjettet til kommunen. Å forvalte kommunens middel på ein god måte er viktig for at borgarane skal ha tillit til kommunen. Det er derfor viktig at alle prosessar er gjennomsiktige og lett å få innsyn i. For at dette skal vere mogleg, er dei fleste av prosessane i eit innkjøp allereie digitale og dermed mogleg å etterprøve. Kommunen må vere påpasseleg med å følgje den digitale utviklinga i offentlege innkjøp vidare.

8.1 Ved å gjere alle prosessar i eit innkjøp gjennomsiktige, kan korrupsjon, som er eit svært skadeleg samfunnsfenomen med potensielt store negative konsekvensar bli førebyggt. Korrupsjon reduserer tilliten til det offentlege og kan, i ytste konsekvens, undergrave viktige omsyn som seriøsitet i arbeidslivet og krav til helse, miljø og sikkerheit. Innkjøpsregelverket skal mellom anna sikre det offentlege sin integritet og bidra til at allmennheita har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnsstenleg måte. Regelverket skal såleis bidra til å sikre det offentlege si tillit og forhindre korrupsjon.



OECD ser på innkjøp som eit av dei viktigaste risikoområda for korrupsjon i internasjonal samanheng. Openheit er eit grunnleggande verkemiddel for å få bukt med korrupsjon og korrupsjonsliknande åtferd.

At eit innkjøp er gjennomsiktig og mogleg å etterprøve, kan òg hindre brot på grunnleggande menneskerettar, særleg i produksjonsleddet. På same måte vil transparente konkurransar bidra til at andre berekraftsmål blir tatt omsyn til.

STRATEGISKE FØRINGAR

Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:

Auka openheit om offentlege kontraktar er eit av dei viktigaste verkemidla for å styrke moglegheitene for å avdekke korrupsjon og illojal framferd. Innkjøpsregelverket er eit viktig verktøy for å sikre vedvarande antikorrupsjonsarbeid.

Openheit og antikorrupsjon er ein sentral del av grunngevinga for fleire av reglane i regelverket. Samtidig er det mogleg å vidareutvikle og styrke rettleiinga på området for å sikre ei betre etterleving og ei betre

praktisering av regelverket. Regjeringa vil sørge for at Difi vidareutviklar og styrker rettleiinga si om antikorrupsjonsarbeid.

Det er ei utfordring at det er avgrensa digital modnad hos oppdragsgivarane, og at mange derfor ikkje tek i bruk digitale verktøy utover minimumskrava i regelverket. Med digital modnad blir meint at oppdragsgivarane har kompetanse om innføring og riktig bruk av digitale verktøy, og at dei ser gevinstane ved å ta slike verktøy i bruk.

Digitalisering handlar derfor ikkje berre om teknologi, men òg om styring og leiing, organisatoriske endringar og kompetanse.

Frå styresmakta si side, særleg gjennom Difis arbeid, blir det lagt til rette for informasjon og kompetanseheving slik at den digitale modnaden blir auka og fleire tek i bruk digitale verktøy i heile innkjøpsprosessen.

Innkjøpsregelverket

I nytt regelverk frå 1. januar 2017, blir fastslått som hovudregel at all kommunikasjon mellom oppdragsgivar og tilbyder i konkurransefasen skal vere elektronisk. Dette medfører at både oppdragsgivar og tilbyder må ha tilgang til systemløyningar for elektronisk tilbodsinnlevering.

Frå Intensjonsavtalen

- *Den nye kommunen skal vere ein føregangskommune i digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene.*
- *Metodisk og systematisk bruk av ny teknologi som stimulerer til nye arbeidsformer, effektiviserer arbeidsmetodar, og intern så vel som ekstern kommunikasjon.*

DAGENS SITUASJON, ØNSKT SITUASJON OG TILTAK

Dagens situasjon

Kommunen har i stor grad digitale verktøy i innkjøpsprosessen og har sidan 2011 nytta Visma Tendsign som konkurransegjennomføringsverktøyet sitt (KGV) Verktøyet blir i all hovudsak brukt av Konserninnkjøp ved gjennomføring av innkjøpsprosessar og både konkurransegrunnlag og avtale blir utarbeidd i KGV. Leverandørane leverer òg inn tilbodet elektronisk gjennom dette verktøyet. I dag har vi ikkje integrasjon mellom vårt KGV og arkivsystemet til kommunen og alle arkiverdige hendingar i eit innkjøp blir derfor arkivert manuelt.

Konserninnkjøp bruker òg kontraksadministrasjonsverktøy (KAV) for å administrere avtalane og for å bli varsla om nødvendige handlingar som skal utførast. Visma CLM "Contract Lifecycle Management" er ei vidareutvikling av KAV og skal forbetre arbeidet med å følgje opp inngåtte avtalar ved å opprette oppfølgingsplanar med tilbakevendande oppgåver, registrering og oppfølging av nøkkeltal og moglegheit til å logge handlingar og hendingar på avtalane. Systemet støttar kategoristyrte arbeid og gjenbrukar opplysingar som allereie er lagt inn i Visma Tendsign. Dette systemet er akkurat skaffa, men ikkje tatt i bruk.


Konserninnkjøp har Visma Spendency, eit verktøy for å analysere innkjøpa detaljert ned på kategori og eining.

Tilsette har elektronisk tilgjengeleg avtalelesar via intranett.

Signering av avtalar (elektronisk signatur) blir gjord elektronisk ved hjelp av Visma Addo.

For å auke avtalelojalitet nyttar alle verksemdene Ehandel ved avrop av stort sett alle typar forbruksvarer. Konserninnkjøp har gjort tilgjengeleg for bestilling via dette verktøyet.

Ønskt situasjon

 Offentlege innkjøp er eit risikoområde for korrupsjon, og openheit er eit grunnleggjande verkemiddel for å få bukt med dette. Med bakgrunn i dette er målet om at alle innkjøp skal vere gjennomsiklige, digitale og skal kunne etterprøvast formulert:

- Med «gjennomiktig» blir det meint at innkjøpsprosessen skal opplevast som open for leverandørar, publikum og andre, og alle relevante dokument i prosessen skal arkiverast i samsvar med reglane i arkivlova. Det skal komme klart fram kven som har vore involvert i prosessen.
- Med «digitale» blir det meint at relevante dokument skal vere tilgjengeleg og kunne hentast ut i kjente format.
- Med «skal kunne etterprøvast» blir meint at framgangsmåten skal tole dagens lys, og at grunnleggjande innkjøpsrettslege prinsipp er følgde gjennom heile prosessen slik at allmennheita har tillit til at innkjøp skjer på ein rettferdig og samfunnsstenleg måte.
- Den enkelte verksemda må kjenne risikoområda sine med omsyn til korrupsjon, habilitet og etterprøving.

Ut frå denne målsetjinga må det derfor arbeidast vidare med at minst mogleg av prosessane blir utførte manuelt, både i sjølve innkjøpsprosessen, i avtaleinngåinga og i avtaleoppfølginga.


Alle innkjøp over terskelverdi (100 000,- eksklusiv meirverdiavgift) skal dokumenterast med protokoll som også blir arkivert. Det skal vere klare rutinar for korleis dokument skal merkast/blir namngitt for å sikre at dokumentet enkelt kan finnast igjen. Alle viktige forhold skal skrivast ned. Det må òg førast protokoll, med grunngiving, der det er heimel for å sjå bort frå innkjøp frå innkjøpsregelverket.

Openheit i innkjøpsprosessane må likevel ikkje gå på kostnad av personvern og datasikkerheit generelt.

Systematisk bruk av data, gjerne støtta av kunstig intelligens, må bli intensiverert for å utvikle ei best mogleg både kvalitativ og kvantitativ teneste.

 Gjennomiktigheit vil bidra til å avdekke om produksjon av varer og tenester er føremålstenleg i forhold til berekraftsmåla.

Tiltak:

- Digitale verktøy som bidrar effektivt til å forbetre innkjøpsprosessen må prioriterast.
 - CLM (Contract Lifecycle Management) blir tatt i bruk snarast.
 - Integrasjon mellom konkurransegjennomføringsverktøyet vårt og arkiv må gjennomførast snarast.
 - Kontraktsoppfølging må styrkast både ved hjelp av personalressursar og ved hjelp av digitalisering for å sikre at kommunen får levert avtalte tenester til avtalt pris, kvalitet og krav til samfunnsansvar.
 - Konserninnkjøp må gjennomføre ein større del av minikonkuransar i samsvar med rammeavtalane til kommunen for å sikre betre høve for etterprøving.
 - Gjennomføre digital opplæring av alle innkjøparar og leiarar for å sikre at kjøp av varer og tenester i kommunen blir gjort på ein måte som kan etterprøvast og er gjennomiktig og digital.
-  Etterspørje dokumentasjon frå produksjonsleddet eller så nært produksjonsleddet som mogleg ved kjøp av varer og tenester der dette er mogleg.


Mål 3: Innkjøpa til kommunen skal dekke relevante behov og ha riktig kvalitet

Feilslåtte innkjøp der kontraktane som blir ikkje inngått dekker det reelle behovet kan vere svært kostbar økonomisk og samtidig ha negativ påverknad på klima og miljø. Det er derfor viktig at ein set av tilstrekkeleg med tid til behovskartlegging i forkant av eit innkjøp og at ein nyttar verktøy som er eigna til å identifisere behov, relevante interessentar og moglege samfunnsmessige gevinstar. Dette kan gjerast ved å vurdere om innkjøpet er nødvendig, om ein kan løyse oppgåvene på annan måte eller stille spesielle krav i konkurransedokumenta for å oppnå ønskt resultat.

Tilstrekkeleg konkurranse er viktig for å sikre riktig kvalitet, pris og samfunnsmessige gevinstar. Den enkelte verksemda i kommunen må også tenke større enn eigen arbeidskvardag og vurdere om det kan vere andre verksemdar som har samanfallande behov. Dette vil vere ressursparande og innkjøpet vil òg vere meir attraktiv for leverandørmarknaden grunna eit (potensielt) større volum.

God planlegging og føringar til dei ulike innkjøpa frå både strategisk og operativt nivå i kommunen, og dessutan frå publikum, er viktig for å få eit best mogleg resultat.

Samtidig er det viktig at alle som er interessentar i eit innkjøp er bevisst på når handlingsrommet for å påverke eit innkjøp er størst utan at det medfører særlege ekstra kostnader. Som figuren under viser, er det i planleggingsfasen ein kan og bør påverke for å oppnå ønskt resultat. Etter at konkurransen er kunngjort er handlingsrommet mindre og kostnadane større dersom ein ønsker å endre konkurransevilkåra.



STRATEGISKE FØRINGAR:

Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:

Offentleg sektor leverer forvaltnings- og velferdstenester til befolkninga og næringslivet. Nokre tenester produserer det offentlege sjølv, andre blir kjøpte inn og atter andre blir leverte som ei blanding av eigenproduserte tenester med innhald av innkjøpte varer og tenester. Alle offentlege verksemdar må ta stilling til om verksemda er best tent med å løyse ei oppgåve sjølv, i det som i innkjøpsreglane blir kalla eigenregi, eller ved å kjøpe varer og tenester i marknaden.

I planleggingsfasen må det gjerast ei grundig vurdering av behovet som skal dekkast og målet med innkjøpet. Kor mykje tid og ressursar som skal brukast på prosessen, er avhengig av storleiken og kompleksiteten av innkjøpet. Målet med innkjøpet må koplant til måla i verksemdsplanen og innkjøpsstrategien for verksemda.

For å skildre det reelle behovet er tverrfagleg deltaking seintralt, med involvering av brukarar, premissgjevarar, relevante fagmiljø, budsjettansvarlege og eventuelle driftsmiljø i verksemda. Modnadsundersøkinga frå 2017 viser at det er få verksemdar som prioriterer behovsplanlegginga, og det er berre halvparten av verksemdene som etablerer tverrfaglege team for å sikre god behovsforståing og forankring av innkjøpsprosessen.

I planlegginga er det vidare viktig med analyse av, og dialog med, marknaden og fagmiljø for å få betre informasjon om korleis behovet kan dekkast på kort og lang sikt. Dialog med marknaden er viktig for å få god behovsdekning og gjere gode innkjøp. Når innkjøpa òg skal bidra til å løyse klima- og miljøutfordringane, som stiller ytterlegare krav til kunnskapen og kompetansen til oppdragsgivarane, blir leverandørdialog endå viktigare.

Dialogen med marknaden kan skje på mange måtar; alt frå ein enkel telefon til éin aktør, til å invitere til dialogkonferansar eller møte med heile eller delar av den aktuelle marknaden. I tillegg er det viktig å innhente informasjon om kva som skaper god konkurranse og kva krav og tildelingskriterium som best legg til rette for at leverandørane kan levere dei beste tilboda sine. I denne vurderinga må oppdragsgivarane òg vurdere relevante krav og kriterium for å ta andre samfunnsomsyn.

På bakgrunn av kunnskapen om, og frå, marknaden, kan det leggast ein strategi for innkjøpet. Når behovet skal skildrast, er det viktig at kravspesifikasjonen er så open som mogleg og at oppdragsgivaren kritisk vurderer kva for nokre absolutte krav som finst. Dersom oppdragsgivaren, etter marknadsdialogen, finn at marknaden ikkje har nokon gode løysingar på behovet, kan det vere aktuelt å legge til rette for innovasjon.

Omstillinga til lav-utsleppsamfunnet krev at det offentlege tenker nytt om korleis dei skal løyse behova sine best mogleg. Det å ta miljøomsyn handlar gjerne om å forbruke mindre eller å utnytte ressursar betre og meir effektivt. Viss ein legg vekt på høg kvalitet og lang haldbarheit, så vil det ofte vere meir lønnsamt å kjøpe litt dyrare møblar enn å måtte skifte ut møblane oftare.

Ved å sjå på forbruksmønsteret sitt, kan det offentlege òg sjå om dei kan få dekt behovet sitt på andre måtar enn å kjøpe nytt, til dømes gjennom deleordningar, moglegheit for reparasjon og gjenbruk.

Frå Intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen gir ikkje konkrete føringar i forhold til innkjøp i kommunen. Det er likevel mange føringar i avtalen som indirekte gir retningslinjer for kjøp av varer, tenester og bygge og anleggskontraktar.

- Den nye kommunen skal vere i stand til å møte dei store utfordringane i samfunnet. Klima og stor variasjon i demografi og levekår er døme på utfordringar kommunen må handtere. Med bakgrunn i dette skal nye Ålesund prioritere følgjande strategiar:
- Miljøstrategi i samsvar med det grønne skiftet.
- Folkehelsestrategi i samsvar med dagens og framtida sine utfordringar om levekår.
- Tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi som møte framtida sine demografiske utfordringar.
- Legge til rette for nyskaping i næringslivet
- Den nye kommunen skal ha ei tydeleg satsing på innovasjon og utvikling, og tydeleg næringspolitikk.
- Berekraft og nyskaping skal ligge til grunn for utviklinga i den nye kommunen

Satsinga på å innrette seg etter FN sine berekraftsmål er òg tydelege signal for korleis og kva varer, tenester og bygge og anleggskontraktar ein skal skaffe.

DAGENS SITUASJON, ØNSKT SITUASJON OG TILTAK

Dagens situasjon

Når fem kommunar skal bli ein er det naturleg at det er ulik praksis i dei noverande kommunane i forhold til innkjøp av varer, tenester og bygge- og anleggskontraktar. Det er likevel slik at alle kommunane i dag er med i eit felles innkjøpssamarbeid og gjennom dette har inngått felles rammeavtalar spesielt på området forbruksvarer, varekontraktar og også til ei viss grad på ulike tenester. Døme på tenesteavtalar er vikartenester innan helsesektoren, kjøp av ulike rådgjevingstenester innan kommunaltekniske og byggetekniske anlegg, bedriftshelsetenester, vaskeritenester og forsikring og finansielle tenester. Det er sett allereie ein stor base å bygge vidare på både ved kjøp av forbruksvarer og ved kjøp av tenester. Når det gjeld bygge- og anleggskontraktar er det i større grad ulik praksis og retningslinjer innan fagområdet.

Det er òg ulik praksis på kven som har mynde til å bestille varer og tenester i dei ulike kommunane. Dette gjeld spesielt varer som ikkje kan kjøpast på rammeavtalane til kommunane og ofte med verdi over 100 000,- eksklusiv meirverdiavgift som er terskelverdi med tanke på krav om konkurranse.

Generelt kan ein òg seie at alle innkjøp er for dårleg forankra i strategisk leiing. Dermed har ein mista moglegheita til aktivt å bruke innkjøp som eit verkemiddel til å nå strategiske målsetjingar på overordna nivå.


Ønskt situasjon


Det er viktig at innbyggjarane får same tilbod av varer og tenester uavhengig av kvar i kommunen dei bur. For tilsette vil det òg vere ein gevinst at ein har same praksis uavhengig av kvar i kommunen ein arbeider.

For å sikre god forankring og god fagleg involvering er det viktig at kommunalsjef/stabssjef godkjenner innkjøpet før konkurransen blir starta opp.


Alle varer og tenester skal, der det er lagt til rette for dette, blir bestilt på kommunens felles ehandelsystem for å sikre avtalelojalitet og andre kvalitetar som er forhandla fram ved avtaleinngåing.

Det må opprettast klare retningslinjer for kven som har mynde til å bestille, attestere og anwise kjøp av varer og tenester.

 Konserninnkjøp må arbeide målretta med å utvikle lokalt næringsliv slik at dei er konkurransedyktige og kan levere varer og tenester til kommunen. I forkant av innkjøp skal ein så langt det er mogleg, opprette dialog med leverandørane ved å forhands-kunngjere konkurransen, be leverandørane om innspel, publisere førebels konkurransegrunnlag eller ha dialogkonferansar for å sikre at kommunen etterspør riktig vare, teneste eller bygge- og anleggskontrakt på ein måte som gir den beste løysinga for kommunen.

 Når eit innkjøp blir planlagt, er det viktig at berekraft blir prioritert for å redusere miljø- og klimapåverknad og at ein vurderer om behovet kan dekkast utan at ein treng å kjøpe nytt. Gjenbruk og ombruk, sirkulær økonomi, kan bidra i vesentleg grad til å redusere utslepp. Høg kvalitet på varer og tenester er viktig for at dei skal kunne brukast over lang tid.

Tiltak

 For å sikre at nye innkjøp er forankra hos strategisk leiing, skal kommunal/stabssjef signere på at innkjøpet er i samsvar med den strategiske målsetjinga til kommunen og opprette fagansvarleg som skal delta i utarbeiding av kravspesifikasjon og i evalueringsarbeidet.

- Ehandel blir i bruk tatt i større grad, spesielt på tekniske fagområde.

- Det må utarbeidast klare retningslinjer for kven som har myndigheit til å bestille varer og tenester og slik setje kommunen i ansvar. Innkjøp over kr. 100 000,- eksklusiv meirverdiavgift skal organiserast eller gjennomførast av Konserninnkjøp.
- Opplæringslova sine krav om at elevar har rett på digitale læremiddel (nynorsk og bokmål), skal følgast når det blir gjort innkjøp i skulen som omhandlar læremiddel, tekstbehandlingsprogram og andre kontorstøtteprogram.
- 🌐 Avtaleoppfølging må intensiverast for å sikre at leverandørane leverer til avtalt pris, kvalitet og tek samfunnsomsyn i samsvar med inngått kontrakt.
- 📋 Konserninnkjøp skal arbeide aktiv for å gjere leverandørar, spesielt i nærområdet, i stand til å levere gode og konkurransedyktige tilbod.
- 📄 Det skal, der det er mogleg, bli skrive kravspesifikasjonar som gir leverandørane moglegheit til å levere innovative og framtidsretta løysingar.
- 📄 Konserninnkjøp skal innan eit innkjøp tek til, vurdere om behovet kan dekkast av noko som allereie er skaffa, eller er tilgjengeleg gjennom gjenbruk eller ombruk.
- 📄 Konserninnkjøp skal arbeide aktivt for å skaffe varer og tenester av høg kvalitet som er berekraftige, kan brukast over lang tid og er mogleg å reparere eller oppgradere.

Mål 4: Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling

INNLEIING

12 Alle innkjøp skal dekke eit behov. Spørsmålet kommunen som oppdragsgivar må avklare er om den eller dei eksisterande løysingane dekker behovet på ein tilfredsstillande måte, eller om ein ønsker ei ny eller forbetra løysing. Behovet til brukarane kan til dømes ha utvikla seg sidan førre innkjøp vart gjennomført.


Ein del av innovasjonsarbeidet til kommunen er at vi endrar korleis vi samhandlar med aktørane rundt oss.

11 Føremålet må alltid vere å skape ein betre kommune for innbyggjarar og næringsliv, og å sjå dette i eit berekraftsperspektiv. Dette er no særleg tydeleg gjennom at kommunen etablerer samskapingsarenaen Ålesund U4SSC Framtidslab. Eit tettare forhold til næringslivet med føremål om å skape eit betre samfunn saman vil openbert innebære at vi kjem opp i situasjonar der organisasjonen må handtere innkjøpsrettslege spørsmål på ein annan måte enn tidlegare. Særleg viktig er kompetanse i organisasjonen til å avklare når vi er i ein situasjon der innkjøpsregelverket gjeld.

12 Det er ikkje alltid at det finst miljø- og klimavennlige alternativ på marknaden. Då er det viktig at legge til rette for innovasjon. Dette vil framskande den grøne omstillinga i marknaden og gir nye moglegheiter til å redusere miljø- og klimapåverknader.

Innovative innkjøp føreset ein aktiv og heilskapleg tilnærming til behovet. Gjennomføring av brukarundersøkingar, intervju med tilsette og bruk av tenestedesign kan bidra til å gi ei betre behovsforståing. Dette arbeidet kan danne utgangspunktet for ein kravspesifikasjon som oppmodar marknaden til å utvikle nye løysingar.

Utstrekt dialog med marknaden er ein føresetnad for å kunne legge til rette for innovasjon i eit innkjøp. I dialogen blir behovet formidla til marknaden. Innkjøparar får dermed innsikt i kva som finst av løysingar i marknaden, og kva som kan vere mogleg å utvikle. Oppdragsgivaren kan til dømes gå i dialog med marknaden gjennom leverandørkonferansar, ein-til-ein møte eller høyring av konkurransegrunnlag.



Ytings- og funksjonskrav inneber at oppdragsgivaren skildrar behova sine gjennom ein open spesifisering av krava til ytingane og funksjonen til leveransen framfor detaljerte spesifikasjonar av korleis oppgåva skal løysast. Leverandørar kan dermed i større grad sjølv vurdere kva løysing som vil vere den beste å tilby for å dekke dei behova oppdragsgivaren har skildra. Spesifikasjonsforma legg på denne måten meir til rette for at dei beste løysingane kan tilbydast, i staden for at tilbodet blir avgrensa av kva oppdragsgivaren kjenner til av eksisterande løysingar.

Å støtte opp under innovasjon i organisasjonen gjennom gode innkjøpsprosessar inneber òg å legge til rette for innovasjon gjennom heile levetida til produktet. Dette er særleg relevant ved innkjøp av programvare, men utviklinga av varer og tenester skjer òg stadig fortare og fortare og det vil ofte vere nødvendig å ha med eit utviklingsperspektiv òg i slike kontraktar. Det blir derfor i innkjøpsfasen viktig å setje rammene for samhandling mellom kunde og leverandør gjennom heile levetida til produktet.

STRATEGISKE FØRINGAR

Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:

Det er vanleg å skilje mellom ulike typar innovasjonar etter endringskrafta til nyvinningane og eigenarten. Det blir ofte skilt mellom:

«Radikal innovasjon», som er dei innovasjonane som bryt sterkast med det eksisterande og tradisjonelle. Radikale innovasjonar blir ofte namngitt som disruptive innovasjonar som kan snu opp ned på heile bransjar, og kan endre både dei kommersielle spelereglane og forventningane til kundane.

«Gradvis innovasjon», som er meir moderat og skrittvis (inkrementell) innovasjon, og blir lettast kjent igjen i dømer på gjennomføring av vesentlege fornyingar og betringar av eksisterande produkt og tenester.

Innovasjonsvennlege innkjøp handlar om å gjennomføre innkjøp som legg til rette for innovasjon. I grove trekk inneber dette å opne opp for innovative løysingar gjennom å arbeide målretta med å identifisere behovet for verksemda, ha ein tett dialog med leverandørmarknaden i forkant av eit innkjøp, spesifisere behova som funksjonelle krav, og dessutan nytte seg av kontraktsformer som stimulerer til innovasjon i kontraktsperioden. Det er ønskeleg at denne metoden skal nyttast i langt fleire innkjøp enn i dag. Metoden er ikkje nødvendigvis spesielt ressurskrevjande, og burde derfor vere mogleg å gjennomføre for dei fleste oppdragsgivarar. Auka bruk av innovasjonsvennlege innkjøp kan bidra til å nå måla om auka effektivisering og betre omstillingsevne.'

Det offentlege kan bruke marknadsposisjonen sin til å etterspørje og få utvikla nye løysingar gjennom innkjøp av innovasjon. Dersom dialogen med marknaden avdekkar at det ikkje finst aktuelle løysingar, kan det vere relevant for det offentlege å bidra til utviklinga av slike løysingar.

Innkjøp av innovasjon inneber ofte eit betydeleg innslag av forskning og utvikling. Slike innkjøp er ofte ressurskrevjande å gjennomføre, både når det gjeld tid, pengar og kompetanse. Oppdragsgivarar som vurderer å gjennomføre innkjøp av innovasjon, må derfor vere trygg på at behovet deira ikkje kan dekkast på ein god måte gjennom eksisterande løysingar. Innkjøp med høg grad av innovasjon krev tett oppfølging og høg kompetanse hos oppdragsgivarane.

Nokon gonger kan behovet til oppdragsgivarane dekkast best gjennom løysingar som ikkje allereie eksisterer. Utviklinga av nye klima- og miljøvennlege produkt og teknologi skjer i stort tempo, og regjeringa ønsker at offentlege innkjøp skal vere ei drivkraft for innovasjon og omstilling i norsk økonomi. Effektiv bruk av ressursane i samfunnet krev at samfunnet investerer i forskning, utvikling og innovasjon. Offentlege innkjøparar har stor moglegheit til å bidra til nytenking og utvikling i leverandørmarknaden ved å etterspørje nye og betre løysingar.

Intensjonsavtalen

I intensjonsavtalen til nye Ålesund kommune er det lagt stor vekt på innovasjon og utvikling. Nedanfor er nokon av hovudpunkta som skal ligge til grunn for bygging av den nye kommunen

Vårt motto er:

Det vi skal, skal vi vere gode til. Det vi vil, skal vi tore å gjere noko med.

Lokal identitet er eit fundament for mangfald og skaparkraft. Mangfald og skaparkraft gir attraktivitet. Attraktivitet gir tiltrekkingskraft. Tiltrekkingskraft gir nasjonal slagkraft. Nye Ålesund kommune vil:

- Arbeide strategisk som medspelar for å styrke og utvikle næringslivet og nyskaping i regionen.
- Få større kapasitet til å vere innovativ og tenke strategisk for nyskaping.
- Nye Ålesund kommune må bygge på framtidens modellar for arbeidsdeling og samhandling:
- Den nye kommunen skal ha ein ny, effektiv og innovativ organisasjon. Dette skal styrke samhandling på tvers samtidig som ein tek vare på god forvaltningsskikk.
- Nettverks- og partnerskap med næringsliv og det frivillige.
- Den nye kommunen skal vere ein føregangskommune i digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene.
- Metodisk og systematisk bruk av ny teknologi som stimulerer til nye arbeidsformer, effektiviserer metoden til arbeidsmetodar, og intern så vel som ekstern kommunikasjon.

DAGENS SITUASJON, ØNSKT SITUASJON OG TILTAK

Dagens situasjon

Det er ikkje etablert rutinar på strategisk nivå for bruk av innovasjon i innkjøp. Det er likevel slik at hovudregelen ved innkjøp i kommunen er at det i stor grad blir brukt opne skildringar av kva som skal skaffast. Det har òg vore gjennomført innkjøp med tanke på at ein kanskje måtte skaffe radikal innovasjon, men etter gjennomføring av marknadsdialog og ein-til-ein-møte med aktuelle leverandørar, har vi enda opp med eit løp der ein i stor grad har skaffa kjent teknologi.

Kommunen har òg gjennomført fleire FoU-prosjekt og kjenner dermed ulike vegar i innkjøpsprosessen for å oppnå ønskt resultat. Samla sett er kompetansen rundt sjølve gjennomføringa av innkjøpet i ulike innovasjonsprosjekt god. Ein kan òg seie at det vi kallar kvardagsinnovasjon, (gradvis innovasjon) der ein heile tida jaktar forbeta varer og tenester, i stor grad er til stades.

Utvida samhandling med næringslivet er viktig for den nye kommunen, men dette utløyser òg nye behov for å legge til rette for at innkjøpsregelverket kan følgjast. I eit tradisjonelt innkjøp er det i dei fleste tilfelle openbert når ein går inn i ein innkjøpsfase, og at regelverket gjeld. Dette er ikkje nødvendigvis like openbert der ein er i ein samskapingssprosess med kommersielle leverandørar. Dette har den nye kommunen ein intensjon om å gjere i utstrekkt grad, særleg gjennom arbeidet med Ålesund U4SSC Framtidslab. Samtidig må organisasjonen evne å nytte innkjøpsregelverket slik at ein maksimerer måloppnåinga til organisasjonen. Det er ei vedkjenning av at ein må jobbe med kompetanse og støtte ovanfor dei som er involvert i samskaping med næringslivet.

Ønskt situasjon

☒ Det er viktig for kommunen å setje klare mål og strategiar innanfor dei ulike fagområda. Då kan ein bruke innkjøp, og innovasjon i innkjøp, som verkemiddel for å nå måla. Det bør òg etablerast måling og rapportering av innovasjon i dei ulike innkjøpa som blir gjennomført innan dei enkelte fagområda. På denne måten kan ein involvere og gjere det strategiske nivået i kommunen ansvarlege, og sikre at dette blir implementert som grunnleggande prinsipp i alle innkjøp. Dette vil gjere at kommunen ikkje er avhengig av eldsjeler for å få til ein meir målretta innovasjon og utvikling i dei ulike fagavdelingane. Det er likevel viktig å ta vare på, og utvikle denne kompetansen vidare framover.

📌 Grøn innovasjon er særleg viktig for å bidra til å nå klimamåla. 📌 Innkjøp kan nyttast for å fremje innovasjonar som er klimasmarte. 📌 Næringslivet kan då satse på slike prosjekt og når produkta blir tilbodne i marknaden, kan private aktørar følgje i fotsporet til kommunen og velje klimavennlege alternativ.

📌 For å redusere klimapåverknad bør ein til dømes ta omsyn til materialval, og at svinn og avfall blir redusert. Innovasjonar som tek omsyn til heile livssyklusen og at produktet til slutt kan demonterast vil vere eit viktig bidrag til det grønne skiftet. Innovasjon må likevel ikkje gå på kostnad av berekraftsmåla.

Samtidig som ein jaktar innovasjon og utvikling må ein likevel ikkje innrette seg slik at alle prosjekt som blir starta opp blir tenkte gjennomført som eit innovasjonsprosjekt. Det å vere impulsiv er ikkje det same som å vere innovativ. Det viktige er at dette blir vurdert før ein set i gang ein innkjøpsprosess og før ein i realiteten må dekke eit behov relativt omgåande.


📌 For å etterleve innkjøpsregelverket og for å få størst mogleg utbytte av samskapsarbeidet til kommunen, må medarbeidarane som er involverte i slike prosessar ha nødvendig kompetanse, gode rutinar og tilgang til støtte frå Konserninnkjøp.





Tiltak

- For å ta vare på dei strategiske føringane til kommunen, skal innkjøp i kommunen alltid blir vurdert opp mot Kommunedelens handlingsplan og klima- og miljøplanen til kommunen. Der det finst fagplanar må dei ulike kommunalsjefane sørge for at innkjøp blir gjennomførte som eit verkemiddel til å nå oppsette planar.
- 📌 Krav til innovasjon i innkjøp blir implementert i leiaravtalar hos kommunal/stabssjefar.
- Det blir oppretta nøkkelindikatorar (KPI) for å måle at ein faktisk har vurdert eller gjennomført innkjøp i samsvar med vedtatt målsetjing.
- Konserninnkjøp må etablere nær kontakt og tilby kompetansegivande tiltak, for kommunens samskapsaktivitetar.
- 📌 Kommunen må ha som krav i alle innovasjonsprosjekt at dei skal vere berekraftige og at ein vurderer heile livsløpet til produkta eller tenestene i planleggingsfasen.


Mål 5: Innkjøpa til kommunen skal ta vare på samfunnsansvar

 Gjennom dei nye innkjøpsreglane er det krav om at alle offentlege verksemder innrettar innkjøpspraksisen sin slik at han tek vare på miljø og klimaomsyn, menneskerettigheter, lønns og arbeidsvilkår og også andre samfunnsomsyn, altså utviser ei stor grad av samfunnsansvar.

 FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar viser mellom anna til ILOs kjernekonvensjonar om grunnleggande rettar og prinsipp i arbeidslivet. Kjernekonvensjonane består av åtte menneskerettskonvensjonar som set minimumsstandardar for arbeidslivet. Konvensjonane omfattar retten til organisasjonsfridom, forbod mot barnearbeid og tvangsarbeid, og dessutan forbod mot diskriminering på bakgrunn av kjønn. Desse rettane blir sette på som ein sentral del av omgrepet «*grunnleggande menneskerettar*» i arbeidsforhold. Ivaretaking av desse rettane blir ofte kalla som kjernen i omgrepet sosialt ansvar i offentlege innkjøp.

 Ålesund kommune er ein stor og viktig oppdragsgivar for næringslivet, både lokalt, regionalt og nasjonalt, både i seg sjølv og i regi av innkjøpssamarbeidet. Vi har gjennom innkjøpsmakta vår stor påverknadskraft og må bruke denne makta ved å stille strenge krav til leverandørane våre for å sikre rettferdig konkurranse, minimere klimaavtrykket og sikre at menneskerettighet og anna samfunnsansvar blir teke omsyn til på ein føremålstenleg måte.

Å ivareta vårt samfunnsansvar gjennom å stille krav til leverandørane er òg leverandørutvikling. Leverandørane blir då førebudd på å møte tilsvarende krav i andre marknader og hos andre oppdragsgivarar. Det er derfor viktig at ein stiller rettferdige og saklege krav, og at ein støttar seg på, og nyttar sentralt framforhandla krav og kriteriesett der desse finst.

 Det er meir effektivt å hindre at useriøse aktørar får kontraktar, framfor å prøve å påverke useriøse aktørar i ei positiv retning i ettertid. Kommunen må derfor jobbe aktivt med å forhindre at useriøse leverandørar får kontraktar. Gjennom førebuande marknadsundersøkingar og dialog, kan vi som oppdragsgivarar gjere oss kjent med marknaden og kva krav vi kan og bør stille for ta omsyn til lønns-, arbeids- og skatteforhold.

STRATEGISKE FØRINGAR:

FN-berekraftsmåla



Forskrift om offentlege innkjøp


Føremålet med innkjøpsregelverket er å sikre effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp. I hovudsak dreier dette seg om å sikre best mogleg behovsdekning til best mogleg pris. I tillegg kan innkjøp brukast som verkemiddel for å nå andre samfunns mål. Slike samfunnsomsyn kan til dømes vere å kjempe mot arbeidslivskriminalitet, betre miljøet og redusere klimautfordringar, auke talet på læreplassar, ta vare på helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassar, sikre grunnleggande menneskerettar, fremje næringslivsinteresser og innovasjon, unngå diskriminering og ta vare på ulike svake grupper i samfunnet.

Stortingsmelding nr. 22, Smartare innkjøp – effektive og profesjonelle offentlege innkjøp:

Offentlege innkjøp representerer ein stort og viktig marknad for næringslivet. Krav frå offentlege innkjøparar kan derfor bidra til å påverke handlingsmønster for private verksemdar. Eksempelvis kan manglande medvit hos offentlege innkjøparar resultere i at arbeidslivskriminalitet og miljøkriminalitet får grobott og undergrev den seriøse delen av arbeidslivet. Offentleg sektor kan òg gjennom marknadsmakta si påverke viktige samfunnsinteresser i ønskt retning, til dømes ved å etterspørje miljøvennlege og innovative ytingar.

Merksemda rundt viktigheita av offentlege innkjøp som verkemiddel for å nå ulike samfunns mål, har auka kraftig dei siste åra, i takt med ein tilsvarande trend internasjonalt. Mange land nyttar i stadig større grad offentlege innkjøp som eit verkemiddel for å nå ulike politiske mål, særleg for å nå klima- og miljøpolitiske mål, og næringspolitiske mål som deltakinga til små og mellomstore bedrifter i konkurransane, og innovasjon.

Etter vurderinga til regjeringa er enkelte samfunnsutfordringar så alvorlege at også offentlege innkjøp bør takast i bruk for å bidra til å løyse dei. Regjeringa har i hovudsak prioritert arbeidet med å løyse klima- og miljøutfordringane, kampen mot arbeidslivskriminalitet og ivaretaking av internasjonale menneskerettar.



Figur 8.1 Opprinnelig og mulig fremtidig prioritering av samfunns hensyn (forenklet illustrasjon)

Kilde: Oslo Economics

Intensjonsavtalen

Den nye kommunen skal vere i stand til å møte dei store utfordringane i samfunnet. Klima og stor variasjon i demografi og levekår er døme på utfordringar kommunen må handtere. Med bakgrunn i dette skal nye Ålesund prioritere følgjande strategiar:

- *Miljøstrategi i samsvar med det grønne skiftet.*
- *Folkehelsestrategi i samsvar med dagens og framtida sine utfordringar om levekår.*
- *Tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi som møter framtida sine demografiske utfordringar.*
- *Legge til rette for nyskaping i næringslivet.*
- *Miljø- og berekraftperspektivet må vere førande for alle store tiltak i den nye kommunen. Særskilt vil ein peike på arbeidet med bypakken der deltakande kommunar skal prioriterast med utvikling av kollektivtilbod, gang- og sykkelveggar.*
- *Vidare vil ein arbeide for betre utbygging av ladestasjonar for el-bil , og hydrogenstasjonar i den nye kommunen.*
- *Etablere gode landstraumløysingar for skip som ligg til kai.*
- *Kommunen må sørge for å gjere det enklare for innbyggjarane å ta omsyn til natur og miljø. Dette handlar om dei små og store vala vi tek kvar einaste dag – om vi skal ta bil eller sykkel til jobb, kva slags mat vi skal ete og korleis vi varmar opp husa våre og handsamar avfallet vårt.*

Lokale føringar

Kommuneplanens Samfunnsdel og Energi og klimaplan, vedtak om å bli ein plastfri kommune og satse på FN klimamålet sitt nr. 14 – Liva under vatn

FN har med dei sytten berekraftsmåla gitt en felles arbeidsplan for å stoppe klimaendringane og viser med måla retning for samfunnsutvikling for å oppnå sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Ålesund har i denne samanhengen vore med på å utvikle Stavangererklæringa for å sikre forankring og framdrift i arbeidet.

«Noreg er eit rikt land og har dei beste føresetnadane for å bidra i ein global dugnad. Å nå måla, krev felles innsats lokalt og globalt. Kommunane erkjenner at vi har ei sentral rolle i å nå berekraftsmåla - vi skal, vi kan og vi vil ta ansvar - no.»

«I samarbeid med FN skal vi:

- *Gje alle kunnskap om status i lokalsamfunnet sitt*
- *Utvikle planar for samfunnsutvikling som viser korleis vi skal nå berekraftsmåla*
- *Mobilisere og støtte innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og academia som bidreg til berekraftig utvikling*
- *Måle og evaluere effekten av innsatsen»*

DAGENS SITUASJON, ØNSKT SITUASJON OG TILTAK

Dagens situasjon

Føringar om Samfunnsansvar frå Innkjøpspolitikk for Ålesund kommune vedtatt av bystyret i 2010 og frå innkjøpsstrategi 2014 – 2017 vedtatt av Ålesund bystyre i oktober 2014 er implementert i konkurransemalane og kontraktane våre. Konserninnekjøp har stort fokus på miljø og klimapåverknad i innkjøpa våre. Dette har òg resultert i to utmerkingar frå Stiftelsen Miljømerking som synleg heider for å stille miljøkrav i kommunen sine innkjøp. Seriositetsavgjerdene, kravet ILO-konvensjonen har til grunnleggande menneskerettar, krav til lønns- og arbeidsvilkår og , er implementerte i kontraktsmalane våre.

Innkjøpa i kommunen har sjeldan krav eller føringar frå dei ulike fagområda som har direkte samanheng med Kommuneplanens Samfunnsdel eller kommunens Energi og klimaplan. Dette gjeld òg tiltak for å bli ein plastfri kommune og gjennomføring av FN berekraftsmålet sitt om klima under vatn.

Konserninnkjøp har i dag ansvar for køyretøya til kommunen ved at Konserninnkjøp lagar retningslinjer for kjøp, bruk og avhending. Det er likevel i stor grad dei ulike verksemdene som vel kva type bil som skal skaffast i verksemda si. I dag er i underkant av 5 % av bilane utsleppsfrie. Det blir arbeidd med å etablere ei bildelingsordning for å redusere talet på bilar totalt i bybildet, redusere utslepp og også la ordninga gi moglegheit for å dekke sosiale behov for innbygarane våre.

Ei av utfordringane våre i dag er å følgje opp krav som blir sett i konkurransegrunnlaget. Det er i mange tilfelle ikkje mogleg å gjennomføre effektive kontrollar i samsvar med krav i våre kontraktar. Ein av grunnane til dette, er ressursmangel internt i Konserninnkjøp, men i mange tilfelle har vi heller ikkje myndigheit til å gjennomføre kontrollar som er nødvendig for å få god nok innsikt i leverandørane sine handlingar eller unnlatingar. Denne myndigheita kan typisk vere hos skattestyresmaktene, Arbeidstilsynet eller politiet. Sjølv om det er eit visst samarbeid mellom kommunen som oppdragsgivar av ulike innkjøp og nemnde etatar, er ikkje dette effektivt. Døme på slikt samarbeid er «Samarbeid mot svart økonomi» som er eit tverrfagleg samarbeid mellom nemnde aktørar med fleire.



Ålesund, saman med Sula og Giske, er som den første byregionen i Noreg, vorte tatt opp i verdas største byutviklingsprogram, FN-nettverket United Smart Cities. Målet er å satse på teknologi som bidreg til eit betre samfunn for innbygarane og sikre ei berekraftig by- og regionsutvikling.

Konserninnkjøp kjøper i dag tenester frå Stiftelsen Miljømerking for å stille gode miljøkrav i innkjøpa våre. «Innkjøpspolitikk for Ålesund kommune» har følgjande formulering: «Ved kjøp av varer og tenester skal det stillast miljøkrav så langt dette er forsvarleg i forhold til eksisterande marknad. Krava til det nordiske miljømerket Svanen eller krav utarbeidde av Direktoratet for forvaltning og IKT, (Difi) skal vere retningsgivande». I innkjøpsstrategien står det: Energi og klimaplan for Ålesund kommune legg føringar for at kommunen skal gjere miljøeffektive innkjøp.

Ønskt situasjon


🌍 Det er behov for å ta nye steg for å fremme samfunnsomsyn og kjempe mot arbeidslivskriminalitet, betre miljøet og redusere klimautfordringane, auke talet på læreplassar, ta vare på helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassane, sikre grunnleggande menneskerettar, fremje næringslivsinteresser og innovasjon, unngå diskriminering og ta vare på ulike svake grupper i samfunnet.

🏠 Mange menneske, utan nødvendigvis å vere redusert fysisk, har i dag av ulike grunnar store utfordringar med å kunne fungere på ein arbeidsplass. Kommunen må gjennom innkjøp, stille krav til leverandørane våre om å legge til rette arbeidsplassar i korte eller lengre periodar og kople saman ulike hjelpeinstansar for å førebygge utanforskap.

Nokon har òg behov for varig tilrettelagde arbeidsplassar og kommunen kan gjennom innkjøp legge til rette for å finne leverandørar som òg kan tilby arbeidsplassar her.


🌍 Kommunen må prioritere kategoriar som har særleg stor påverknad på miljø og klima, til dømes bygg og anlegg, transport, plastforbruk, IKT og matinnkjøp og andre kategoriar der det er særleg stor risiko for brot på grunnleggande menneskerettar. Eksempel er produkt som er produserte i, eller tenester levert frå lavkostland, slik som arbeidstøy, hanskar til helsesektoren og mineral til bruk i mobiltelefonar. Det må


prioriterast å identifisere kvar kommunen gjennom innkjøp kan bidra mest for å redusere klimapåverknad, redusere fare for brot på menneskerettar og førebygge arbeidslivskriminalitet.

 For å nå klimamålet til kommunen om innan 2030 å redusere klimagassutslepp med 60 % målte mot 1990 nivå, og klimamål utleia av nasjonale eller EU og FN sine målsetjingar, må kommunen så ofte som mogleg ta radikale grep ved å endre dagens rutinar og gjere ting på ein ny og berekraftig måte. Når det er moglegheit, skal innkjøp nyttast som verkemiddel for å bidra til å nå klimamåla.

Alle tilsette i Konserninnkjøp må ha kunnskap om personvernprinsippa og sørge for at det blir inngått databehandlaravtalar med leverandørar der dette er nødvendig.




Informasjon til tilsette om avtalekatalog og ulike prosedyrar som Konserninnkjøp har ansvar for, må bli lettare tilgjengeleg og også betre forankra i opplæringa av tilsette.

 Å arbeide med innkjøp som verktøy for å fremje berekraft kan ha stor effekt, og det er viktig at kommunen deltar i samarbeid om korleis dette kan ha mest mogleg positiv effekt. Det må samarbeidast med andre innkjøpsmiljø, leverandørar, og med dei som ser behovet for endring og som har ulike perspektiv innanfor berekraft. På mange område har privat sektor mykje å lære av korleis offentleg sektor gjennomfører innkjøp, og kommunen bør òg bidra til kompetanseoverføring til næringslivet om kva for slags krav ein kan stille for å vere meir berekraftig.

Det er viktig at å vere medviten om at ulike tiltak kan hindre effektivitet, koste pengar og ofte òg kan ha lita eller inga måloppnåing. For leverandørane er det òg uheldig å lage egne særkrav som gjer at dei møter nye og gjerne mindre relevante krav frå kommune til kommune.  Eit godt samarbeid og medvit frå politisk og strategisk leiing er særst viktig for at tiltak som blir prioriterte, både er mogleg å gjennomføre og har ønskt effekt. Dette vil òg førebygge at vi stiller krav i innkjøp som ikkje let seg handheve og som då blir eit ulovleg direkteinnkjøp i samsvar med innkjøpsregelverket.



Tiltak - Samfunnsomsyn

-  Kommunen skal nytte «Etiske og sosiale kontraktkrav for Ålesund kommune,» vedtatt av Ålesund kommunestyre 22. april 2021, som eit felles sett med seriøsitetskrav i anskaffing av varer, tenester, og bygge- og anleggskontraktar.
-  Stille krav som kan førebygge utanforskap og også legge til rette for varig tilrettelagde arbeidsplassar.
 - Gjennomføre opplæring av eigne tilsette for å sikre at personvernprinsippa blir tatt vare på og at det saman med behandlingsansvarleg blir inngått databehandlaravtalar med leverandørar der dette er nødvendig.
-  Vere eit verkemiddel for å gjennomføre kommuneplanens samfunnsdel.



Tiltak – Miljø og klima

- 📋 Kommunen skal i all planlegging av innkjøp ta utgangspunkt i målet om å redusere klimagassutsleppa med 60 % innan 2030.
- 📋 Vere eit verkemiddel for å gjennomføre kommunen sine miljø- og klimastrategiar. Gjennom samarbeid med strategisk leiding avdekke område der ein kan gjere radikale endringar i produksjonen til kommunen og slik redusere eller fjerne skadelege utslepp totalt.
- 📋 Unngå om mogleg produkt som har kjente negative effektar for menneskerettar eller har store negative miljø- og klimakonsekvensar.
- 📋 Kartlegge område der kommunen gjennom innkjøp har størst moglegheit for å redusere skadeleg miljøpåverknad, fremje klimavennlege omsyn og prioritere miljøkrav der kartlegginga viser best måloppnåing.
- 📋 Utarbeide retningslinjer og rutinar for korleis og når miljøkrav skal stillast i ulike typar av innkjøp.
- 📋 Der marknaden har tre eller fleire leverandørar som kan tilby godkjente merkeordningar som Svanen eller eu-blomsten, skal det stillast krav om at vara eller tenestene skal ha slik sertifisering.
- 🌍 Etablere eit sterkare regime for avtaleoppfølging av miljø- og samfunnsansvar.
- 🌍 Gjennom mellom anna Ålesund U4SSC Framtidslab, samhandle med andre aktørar om korleis ein bidreg til auka berekraft gjennom innkjøp.
- 📋 Sirkulære løysingar og berekraftig forbruk som reduserer materielt forbruk i eigne verksemder og i prosjekt og drift i eigenregi, skal aktivt implementerast.
- 📋 I størst mogleg grad skal leverandøren ta med emballasje på produkta og returnere den i samsvar med godkjente returordninga om den ikkje kan bli gjenbruka.
- 📋 LCC og LCA skal bli vurdert i planlegginga av større innkjøp for å stille føremålstenlege miljøkrav.
- 📋 Når det er føremålstenleg skal kostnaden for leveransen bereknast ut frå eit livssyklusperspektiv (LCC).
- 📋 Klima- og miljøpåverknad og ressursbruk for heile livssyklusen, frå produksjon, forbruk og avfallsfasen, skal i størst mogleg grad inngå og legge grunn før kva løysingar som blir valde (LCA).
- 📋 Ved kjøp og tillaging av mat skal det stillast krav om redusert matsvinn ved både intern og ekstern produksjon.

- 12 Alt treverk som blir nytta innan bygg og anlegg og i møbelproduksjon skal vere sporbart og komme frå europeisk berekraftig drive skogbruk dersom det ikkje blir framlagt truverdig og godkjent sertifisering frå andre delar av verda.

Plast

- 12 Innkjøp skal vere eit verkemiddel for å gjennomføre målet til kommunen om å bli ein plastfri kommune.
- 12 Alternativ til plast skal veljast når det er mogleg. Når plast må veljast, skal primært resirkulert plast blir etterspurd og deretter bioplast. Eingongsartiklar skal som hovudregel ikkje skaffast.

Bygg og anlegg

- 12 Nybygget til kommunen skal som hovudregel vere nullutsleppshus med målsetjinga ZEB – COM og minstekrav ZEB - 0.
- 12 Nybygget til kommunen skal som hovudregel oppnå BREEAM-NOR *Excellent* og BREEAM-NOR *Good* som minstekrav ved ferdigstilling.
- 12 Omfattande rehabilitering skal som hovudregel oppnå same krav som nybygg.
- 12 Kommunen skal jobbe for at dei lokala som leigast er miljø- og klimavennlege. Nåværende leielokaler skal som hovedregel ved fornyelse/ending av leieavtalen før 2023 oppnå lavenerginivå og ved fornyelse/ending av leieavtalen før 2025 oppnå passivhusnivå eller tilsvarende. Nybygg som leigast skal som hovudregel oppnå same krav som våre eigne nybygg.
- 12 Det skal fokuserast på å bruke klimavennlege material og minimere transportavstand.
- 12 Alle bygge- og anleggsplassar skal redusere bruken av fossilt drivstoff med 50 % innan 2023 og vere fossilfrie innan 2025.

Transport og køyretøy

- 12 Det skal stillast krav om at køyretøy som blir brukt i avtalane til kommunen skal ha låg klimapåverknad, helst nullutsleppsteknologi.
- 12 Køyretøy som kjøpast eller leigast skal ha nullutsleppsteknologi når teknologien tilseier dette. For eigde køyretøy skal det vurderast om det er mogleg å bruke køyretøyet lengre enn føresettt dersom nullutsleppsteknologien er forventta forbetra innan relativ kort tid.
- 12 Transport basert på nullutslepp skal prioriterast for alle tenestereiser i kommunal regi.
- 12 Alt fornybar drivstoff som blir nytta skal som minimum oppfylle EUs berekraftskriterium for biodrivstoff.

Fotnote:

Strategiske føringar i alle delmål, både sentrale og lokale kan vere omarbeidd for at føringane skal passe inn i samanhengen i dette dokumentet. Dette fordi dei i stor grad er klipne ut frå fleire stader i dei ulike dokumenta, spesielt i Stortingsmelding nr. 22 og i Intensjonsavtalen til den nye kommunen. Det er på ingen måte bevisst gjort forsøk på å endre meiningsinnhaldet i sitata.

Etiske og sosiale kontraktkrav for Ålesund kommune

1.a For samtlige kontrakter skal følgende være en del av kontrakten:

1.1 Overordnet

Kunden forvalter fellesskapets ressurser og har et ansvar for å anskaffe varer og tjenester som er produsert på en lovlig og etisk forsvarlig måte. Leverandør er forpliktet til å etterleve oppdragsgivers etiske og sosiale krav i egen virksomhet, samt bidra til etterlevelse hos den eller de underleverandører som medvirker til oppfyllelse av denne kontrakt.

1.2 Grunnleggende krav

Våre leverandører og avtalepartnere skal respektere grunnleggende krav til menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter og miljø. Varer og tjenester som leveres til kunde skal være fremstilt under forhold som er forenlige med kravene angitt nedenfor. Kravene bygger på sentrale FN-konvensjoner, ILO-konvensjoner og nasjonal arbeidslovgivning på produksjonsstedet. I henhold til FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter (UN GP) har selskaper et selvstendig ansvar for å respektere de internasjonalt anerkjente menneskerettighetene og ILOs kjernekonvensjoner (prinsipp 12). Dette gjelder også for offentlige virksomheter i deres anskaffelser (prinsipp 6 - Aktsomhetsvurdering med hensyn til menneskerettigheter (Human Rights Due Diligence) er en anerkjent og anbefalt metode for fremme slike rettigheter, <http://www.responsiblebusiness.no/>).

1.3 Forbud mot barnearbeid (FNs barnekonvensjon artikkel 32, ILO-konvensjon nr 138 og 182)

Barn under 15 år (14 eller 16 år i enkelte land) skal ikke utføre noen typer arbeid som er til hindring eller skade for deres utdanning og/eller utvikling.

Barn under 18 år skal ikke arbeide nattskift, eller utføre noen typer arbeid som vil sette deres sikkerhet, fysiske og/eller mentale helse i fare.

Barn har rett til å bli beskyttet mot økonomisk utnyttning i arbeid.

1.4 Tvangsarbeid/slavearbeid (ILO-konvensjon nr 29 og 105)

Tvangsarbeid eller ufrivillig arbeid skal ikke forekomme i noen form, herunder også som et middel for opplæring, straff eller for å fremme arbeidsdisiplin.

Arbeidstakere skal ikke måtte levere depositum eller identifikasjonspapirer til arbeidsgiver.

Arbeidstakere er fri til å avslutte arbeidsforholdet etter en rimelig oppsigelsestid.

1.5 Organisasjonsfrihet og retten til kollektive forhandlinger (ILO-konvensjon nr 87 og 98)

Arbeidstakere og arbeidsgivere har rett til å danne, eller slutte seg til de organisasjoner de selv måtte ønske, og til å drive kollektive forhandlinger og dele innholdet.

All aktivitet i forhold til denne organiseringen skal skje helt uten represalier eller andre former for forulemping for deltagerne.

Arbeidsgiver må på ingen måte hindre arenaer for møter og kollektive forhandlinger.

Der organisasjonsfrihet og retten til kollektive lønnsforhandlinger er begrenset ved nasjonal lov, skal arbeidsgiver legge til rette for, og ikke hindre, parallelle mekanismer til fri og uavhengig organisering og forhandling.

1.6 Diskriminering (ILO-konvensjoner nr 100 og 111)

Arbeidstakere skal ikke forskjellsbehandles på grunnlag av kjønn, rase, hudfarge, religion, politisk oppfatning, nasjonal opprinnelse, sosial status, fagforeningsarbeid eller personlige forhold i arbeidssituasjoner eller i tilgang til arbeid.

Lønnen skal være lik for likt arbeid.

1.7 Nasjonal lovgivning

Leverandøren plikter å påse at produksjon av ytelser regulert til denne kontrakten skjer i henhold til produksjonslands nasjonale lovgivning

Nasjonal lovgivning der produksjon finner sted skal etterleves. Av særlig relevante forhold fremheves:

- 1) lønns- og arbeidstidsbestemmelser
- 2) helse, miljø og sikkerhet
- 3) regulære ansettelsesforhold, inklusive arbeidskontrakter
- 4) lovfestede forsikringer og sosiale ordninger

1.8 Mislighold av kontraktsforpliktelser – konsekvenser for senere konkurranser

Brudd på Leverandørens plikter i denne kontrakten vil bli nedtegnet og kan få betydning i senere konkurranser, i overensstemmelse med regelverket for offentlige anskaffelser.

Alle avtaler Leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

1.9 Rett til å gjennomføre varslede og uanmeldte kontroller hos leverandør

Kunden, eller den han bemyndiger, har rett til å gjennomføre varslede og uanmeldte kontroller hos leverandør og på arbeidssted i kontraktsperioden. I tilfelle kontroll plikter leverandør å oppgi navn og kontaktopplysninger på underleverandører.

Ved kontroll av lønns- og arbeidsvilkår plikter leverandør å sende timelister, arbeidskontrakter og annen dokumentasjon som oppdragsgiver i medhold av lov har rett til å få utlevert, for alle definerte arbeidstakere. Dette skal sendes samlet til oppdragsgiver innen 3 virkedager.

Ved avtaleoppfølging, eller ved eventuell mistanke om mislighold, tilfaller all dokumentasjonsplikt leverandør.

1.10 Brudd på Etske og sosiale kontraktkrav for Ålesund kommune

Brudd på denne avtalens punkt "Etske og sosiale kontraktkrav for Ålesund kommune" er å regne som vesentlig mislighold.

1.b For samtlige kontrakter over EØS-terskelverdi skal følgende være en del av kontrakten: (ESPD-egenerklæringsskjema)

Del I: Opplysninger om konkurransen og oppdragsgiver

Del II: Opplysninger om leverandøren

Del III: Avvisningsgrunner

A: Avvisningsgrunner som gjelder straffedommer

I artikkel 57 (1) i direktiv 2014/24/EU fastsettes følgende avvisningsgrunner:

Deltakelse i en kriminell organisasjon

Er leverandøren selv eller en person, som er medlem av leverandørens administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan eller har kompetanse til å representere eller kontrollere eller treffe beslutninger i slike organer, ved rettskraftig dom blitt dømt for deltakelse i en kriminell organisasjon ved en dom avsagt for ikke mer enn fem år siden, eller en avvisningsperiode fastsatt direkte i dommen som fortsatt gjelder?

Deltakelse i en kriminell organisasjon som definert i artikkel 2 i Rådets rammeavgjørelse 2008/841/RIA av 24. oktober 2008 om bekjempelse av organisert kriminalitet (EUT L 300 av 11.11.2008, s. 42)

Korrupsjon

Er leverandøren selv eller en person, som er medlem av leverandørens administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan eller har kompetanse til å representere eller kontrollere eller treffe beslutninger i slike organer, ved rettskraftig dom blitt dømt for korrupsjon ved en dom avsagt for ikke mer enn fem år siden, eller en avvisningsperiode fastsatt direkte i dommen som fortsatt gjelder?

Korrupsjon som definert i artikkel 3 i konvensjonen om bekjempelse av korrupsjon, som involverer tjenestemenn i De Europeiske Fellesskapene eller i Den Europeiske Unions medlemsstater (EUT C 195 av 25.6.1997, s. 1), og i artikkel 2, stk. 1, i Rådets rammeavgjørelse 2003/568/RIA av 22. juli 2003 om bekjempelse av korrupsjon i den private sektor (EUT L 192 av 31.7.2003, s. 54). Denne avvisningsgrunnen omfatter også korrupsjon som definert i nasjonal rett for oppdragsgiveren eller leverandøren.

Bedrageri

Er leverandøren selv eller en person, som er medlem av leverandørens administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan eller har kompetanse til å representere eller kontrollere eller treffe beslutninger i slike organer, ved rettskraftig dom blitt dømt for bedrageri ved en dom avsagt for ikke mer enn fem år siden, eller en avvisningsperiode fastsatt direkte i dommen som fortsatt gjelder?

Bedrageri som omhandlet i artikkel 1 i konvensjonen om beskyttelse av De Europeiske Fellesskapenes finansielle interesser (EFT C 316 av 27.11.1995, s. 48).

Terrorhandlinger eller straffbare handlinger med forbindelse til

terroraktivitet

Er leverandøren selv eller en person, som er medlem av leverandørens administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan eller har kompetanse til å representere eller kontrollere eller treffe beslutninger i slike organer, ved rettskraftig dom blitt dømt for terrorhandlinger eller straffbare handlinger med forbindelse til terroraktivitet ved en dom avsagt for ikke mer enn fem år siden, eller en avvisningsperiode fastsatt direkte i dommen som fortsatt gjelder?

